

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 3. mai 2021 kl. 13.00-15.00

Stad: Zoom

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (vara allmenn litteraturvitenskap), Daniel Jung (vara digital kultur), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Matti Garnes Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant), Sarita Helen Øygard (studentrepresentant)

Meldt forfall: Scott Rettberg, Erik Bjerck Hagen og Koenraad De Smedt

Ikkje til stades: Per Olav Folgerø

Frå administrasjonen: Helga Ramstad Vatsaas

Saksliste

UUI-sak 5/21: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 6/21: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat og oppfølging frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 3: Haustens undervisning - retningslinjer	3
Orienteringssak 4: Studiekvalitetsmeldinga og dialogmøte - 2020	3
Orienteringssak 5: Pilot for obligatorisk utveksling i studieplanen.....	3
Orienteringssak 6: Revisjon av BA-programmet i kunsthistorie	3
UUI-sak: 7/21 Drøftingssaker	4
Drøftingssak 1: Seminar for fagkoordinatorar - evaluering	4
Drøftingssak 2: LLE 2022	4
UUI-sak 8/21: Ymist.....	4

UUI-sak 5/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 6/21: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat og oppfølging frå førre møte

Referatet er godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Arnt Robert Leganger etterlyste på eit tidlegare møte gjennomføringstal for hausten. Ulike statistikkar for 2020 er presenterte i studiekvalitetsmeldinga (lagt ved).

Studieleiar har vore i dialog med fakultetet om oppfølging av plagiatsaker, og det har vore tema på studieleiarmøte, og skal følgast opp vidare.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemane fekk tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Markus Pold: Status er ganske lik som han har vore. Nokon synest det er vanskeleg å studere og er isolerte. Det er vanskeleg å rekruttere til fagutvalsarbeid, og Instituttutvalet ligg nede.

Sarita Helen Øygard: Mange slit med å kjenne tilknytning til institutt, fag og det sosiale. Ein del forelesningar har blitt avlyste (ofte i siste liten) på KUN144 som ikkje har blitt erstatta.

Arnt-Robert Leganger: Utfordringar med at ein ikkje møtest. Det burde ha vore ein betre infrastruktur for å halde det sosiale og fagleg-sosiale i gang.

Daniel Jung: Astrid Ensslin på plass og vi ventar på Jason Nelson. Fulbright-professor Ian Hatcher kjem til hausten. Nokre studentassistentar er på plass. Det var litt vanskeleg å få rekruttert desse. Vi held på med gjennomgang av porteføljen + femårsevaluering, og vi har hatt heildagsseminar om dette. Vi vil legge meir vekt på dataspel i BA-programmet. Vil prøve å gjenopprette samarbeidsemne internasjonalt. Har snart to avgangar i fagmiljøet pluss at vi har to som skal ha forskingstermin til hausten. Mogleg samarbeidskurs i algoritmisk tenking for humanistar, og med nokre mindre emne (5 ECTS) i td. digital formidling.

Keld Hyldig: Ei av tre stillingar sit i København. No sit ein i Berlin, men han kjem i september. På ein måte går tinga bra. Mest bekymringsfullt å høyre det studentane seier. Vi er glade for dei opningane som har vore, og det har vi utnytta til fulle. Vi har prøvd å tilby hybride løysingar når det har vore ope, men det har fungert varierande. Det hadde vore fint å kunne tilby studietur til hausten.

Ilka Wunderlich: Det går ganske bra, vi har fått inn evalueringane. Det har vore ein del fråfall. Studentane føretrekker klasseromsundervisning. Nokre grupper er for store til dette. Ein del tilsette sit på heimekontor. Litt varierande grad av fysisk/digital undervisning. Nokon ønsker digital undervisning. Litt nye grunnar til å ønske digital undervisning enn før. Har fått undervisningsassistent på tampen av semesteret. Vanleg skuleeksamen på trinn 3.

Peter Svare Valeur: Det går tilsynelatande bra. Vi har hatt relativt lite fråfall på i alle fall 100-nivå. I hovudsak har vi digital undervisning, men vi har prøvd ut litt fysisk undervisning også. Litt fråfall, men ikkje så bekymringsverdig

Matti Wiik: Det står etter måten bra til. Vi har fått tilbakemeldingar frå ein misfornøgd student. Vi tar slike tilbakemeldingar alvorleg og tenkjer over korleis vi kan gjere det betre til neste gong. Vi kunne kanskje hatt litt meir variert tilnærming til stoffet i undervisninga. Vi har fleire studentar på latin enn tidlegare. Nokon vil endåtil ta master.

Frode Helmich Pedersen: Det meste er positivt. Det er god stemning i fagmiljøet, og vi har løyst ressursutfordringar til hausten ved hjelp av noverande dekans velvilje. Han utset forskingstermin til våren. Vi brukar mykje ressursar på rettleiing. Håpar det òg skal bli betre når Jørgen Sejersted er tilbake. Alt i alt står ting bra til på litteratur. På norrønt har vi eit stort ressursproblem av ulike

grunnar til hausten. Der må vi lyse ut eit vikariat for to semester. Norrønt bør ha fagkoordinatorvervet sjølv seinare.

Agnete: På norsk som andrespråk har det vore trøgt lenge, men vi har hatt litt hjelp av toarstillingar. Ein del gruppeundervisning har blitt avlyst. På nordisk språk snakkar vi saman kvar veke, men det kjennest som for lite kontakt. Vi har mange som skal opp til mastersensur. Varierende grad av digital undervisning. Studentane ønskjer fysisk munnleg undervisning.

Endre Brunstad: Også her er stemninga god. Vi er plaga med at vi møtest for sjeldan. Men det rullar og går. Praksis har vore ei utfordring, men det har gått bra med både praksis og praksisbesøk. Ressurssituasjonen til hausten er ei utfordring.

Orienteringssak 3: Haustens undervisning – retningslinjer

Vi må planlegge med ein meters avstand i fysisk undervisning og elles ha tilrettelagt for digitalt tilbod. Vi kan ikkje krevje oppmøte til undervisning. Men kan vi erstatte oppmøtekravet med andre aktivitetar? Kan vi legge opp til meir studentaktiv læring? Hovudregelen er at det skal vere digital eksamen, og instituttet har berre meldt inn norskkurset som ønske til saleksamen, då erfaring har vist at det er det einaste som er sannsynleg at vi får til. Vi har ettersendt ønske som er komne inn frå andre, men fristen er gått ut. Heming Helland Gujord orienterte.

Tilbakemeldingar: Litt utfordringar med lappeteppetimeplanar og færre studentar som møter enn det som er meldt opp.

Ein kan prøve å ha undervisninga frå eit lite rom med nokre få studentar til stades, og så kan resten delta via Zoom.

Orienteringssak 4: Studiekvalitetsmeldinga og dialogmøte - 2020

Vi har hatt dialogmøte med fakultetet om mellom anna studiekvalitetsmeldinga frå LLE. Heming Helland Gujord orienterte.

Orienteringssak 5: Pilot for obligatorisk utveksling i studieplanen

BA-programmet i teatervitskap er meldt inn i pilot for «obligatorisk» utveksling i studieplanen. Dette er noko som på sikt vil bli innført i alle studieprogramma. Signe Nilssen orienterte.

Arnt-Robert Leganger: Er det aktuelt å hente inn eksterne forelesarar frå utlandet digitalt for å opne opp bruer til partneruniversitet?

Orienteringssak 6: Revisjon av BA-programmet i kunsthistorie

BA-programmet i kunsthistorie har gått gjennom ein revisjonsprosess, og ny struktur og emneportefølje er innført frå hausten 2021. Heming Helland Gujord orienterte om prosessen.

UUI-sak: 7/21 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Seminar for fagkoordinatorar – evaluering

Måndag 15. mars blei UUI-møtetida brukt til seminar for fagkoordinatorane ved LLE. Vi rakk ikkje å evaluere då, så dersom det er innspel og tilbakemeldingar, er det rom for å drøfte seminaret i dette møtet. Er det aktuelt å bruke oppsette møtetidspunkt for UUI til temaseminar også seinare? Heming Helland Gujord innleia.

Frode Helmich Pedersen: Bra at det kjem som del av møterekka, og at det ikkje kjem i tillegg.

Daniel Jung: Nyttig og verdifullt, men veldig mykje informasjon som var formidla. Hadde vore bra om det var sett av tid til diskusjon og evaluering.

Drøftingssak 2: LLE 2022

Jamfør instituttets strategi har vi målsetjing om at det skal vere samsvar mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod i dei ulike miljøa. Heming Helland Gujord presenterte saka for drøfting. Saka blir henta fram att på neste møte i juni.

Arnt-Robert ynskjer at LLE inviterer til møte der dei som er aktive studentar på UUI/IR og programstyra kan møtast for å oppsummere erfaringar frå 20/21 og tenke strategisk framover.

Frode Helmich Pedersen: Det kjem stadig fleire masterstudentar som skal ha rettleiing. Då kan vi eventuelt avgrense opptaket eller vi kan gå så lenge på overtidstimar at det blir oppfatta at vi treng ei stilling til. Under føresetnad at vi elles har skore til beinet: Kan vi avgrense opptaket?

Keld Hyldig: Korleis skal vi få til forskningstermin i små fagmiljø? Dokumentet er veldig generelt, og fagmiljøa har jo veldig ulike utfordringar.

Agnete Nesse: Det er minst oppmøte når det er studentaktiv læring. Vi prøvde omvendt undervisning, og studentane møtte berre når dei var nøydde Det er ikkje berre berre å kutte i undervisninga, og det er kanskje ikkje det studentaktive opplegget som det beste botemiddelet.

UUI-sak 8/21: Ymist

Keld Hyldig melde inn at det er utfordrande at filer berre er tilgjengelege i litteraturkiosken i undervisningssemesteret. Det hadde vore meir formålstenleg at filene blei liggande lenger, slik at t.d. studentar som skal ta midtsemestereksamen kan finne filene lett, og at nye undervisarar lett kan sjå kva som har vore brukt tidlegare.

Instituttet følger opp og undersøker med m.a. biblioteket.